

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	18/796

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2018	Kraftfondsstyret	PS	13.12.2018
072/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Bjørn West museet - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Vedlegg:

Journalposttittel

Kraftfondet

PP-samla presentasjon 2 søknader 131218

Dato

05.11.2018

13.12.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve tilskot til omsøkt prosjekt forarbeid nybygg Bjørn West museet gjennom kraftfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om støtte/tilskot med kr. 75.000 gjennom kraftfondet til div. utgreiingsarbeid/ forprosjekt nybygg

Fakta

Viser til saksvedlegg – søknaden.

Nokre sentrale forhold kring vedtektene og retningslinene for bruken av kraftfondet

§ 2 Føremål

- Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.
- Verksemder som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.
- Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private næringsiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samlakapitaltrongen for eit prosjekt.

Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 og lån over kr. 100.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre.

Vurdering

Kraftfondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Omsøkt prosjekt er eit forprosjekt – kommunen har tidlegare støtta utgreiingsarbeid kring visningsenter i Matre/Stordalen, og det føreligg eit forarbeid som kan arbeidast vidare med.

Samla finansiering frå kraftfondet skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt, i dette tilfelle kr. 37.500,-.

Søknaden er ikkje fullstendig, og det vert opplyst at fullstendig bakgrunn for søknaden vil bli ettersendt, men føreligg ikkje enno.

Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.

Konklusjon

Slik søknaden framstår, tilrår ein at søknaden ikkje vert imøtekommen.

Kraftfondsstyret - 020/2018

KRFT - behandling:

Leiar i Bjørn West-museet Arnold Matre presenterte søknaden.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert gitt eit tilskot til omsøkt prosjekt på kr 37 500 til forarbeid nybygg Bjørn West-museet gjennom kraftfondet

Framlegg til vedtak frå Ap vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

Det vert gjeve eit tilskot til omsøkt prosjekt på kr 37 500 til forarbeid nybygg Bjørn West museet

gjennom kraftfondet.

Kommunestyret - 072/2018

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Det vert gjeve eit tilskot til omsøkt prosjekt på kr 37 500 til forarbeid nybygg Bjørn West museet gjennom kraftfondet.